

## MØTEREFERAT

Tema:	Ny landkommune
Dato/Stad	Storfjord Hotel, 17. februar 2016, kl 08:00 til 12:00
Møtleiar:	Erlend Krumsvik, rådgjevar Sunnmøre Regionråd
Referent:	Erlend Krumsvik, rådgjevar Sunnmøre Regionråd
Oppmøte:	Arne Sandnes, Ordførar, Norddal kommune Per Magnus Berdal, Varaordførar, Norddal kommune Viktor Valdal, Formannskapsmedlem, Norddal kommune Tor Helge Stavdal, Rådmann, Norddal kommune Regine Bruteig, Kommunereformkontaktperson, Skodje kommune Dag Olav Tennfjord, Ordførar/leiar, Skodje kommune Bente Glomset Vikhagen, Rådmann, Skodje kommune Kari Grindvik, Formannskapsmedlem, Skodje kommune Eva Hove, Ordførar/nestleiar, Stordal kommune Bjørn Ove Olsen, Formannskapsmedlem, Stordal kommune Kjersti Ruset Hjelle, Varaordførar, Stordal kommune Anne Berit Løset, Rådmann, Stordal kommune Karen Simonnes Aanes, Ordførar, Ørskog kommune Synnøve Vasstrand Synnes, Rådmann, Ørskog kommune Geir Peter Aure, Varaordførar, Ørskog kommune
Forfall	Terje Vadset, Formannskapsmedlem, Skodje kommune
Observatør	
Vedlegg	

## Dagsorden

1. Statusrunde i kommunene etter at Haram og Vestnes har gått ut av forhandlingane.
2. Plassering av administrasjonsstad
3. Fordeling av offentlege arbeidsplassar
4. Kommunenavn og kommunevåpen
5. Økonomi
6. Eventuelt
  - a. Infrastruktur
  - b. Fellesnemnd
  - c. Arbeidsgjevarpolitikk
  - d. Samfunnsutvikling
  - e. Demokrati
  - f. IKT og digitalisering
  - g. Drift av kommunale eigedomar
  - h. Økonomi knytt til kultur
  - i. Signeringsmøte

- **Statusrunde i kommunene etter at Haram og Vestnes har gått ut av forhandlingane.**

Skodje, ved ordfører

Hadde formannskapsmøte i går tysdag 17. februar. Tynga i alternativet er svekka, særleg med vekt på folketal. Det vil vere utfordring med tenestemodell. Det vart ikkje gjort vedtak, berre orientering. Det blir orienteringssak på kommunestyret i dag.

Norddal, ved ordfører

Hadde formannskapsmøte i går tysdag 17. februar. Norddal er med vidare på grunnlag som tidlegare.

Stordal, ved ordfører

Hadde kommunestyremøte i går, som vart gjennomført som eit drøftingsmøte. Det er omforeint i kommunestyret at ein går vidare i dette kommunereformprosjektet.

Ørskog, ved ordfører

Hadde formannskapsmøte i går, det vart orientert om utmeldinga til Haram og Vestnes. Kommunen skal gå vidare i prosessen med dette kommunereformprosjektet, og det er ønskeleg å få fram intensjonsavtaler i begge prosjekta.

- **Plassering av administrasjonsstad**

Forslag om administrasjonsstad i Ørskog kommune (Sjøholt) ,Digernes, Skodje  
Befolkningsvekta reiseavstand (lett tilgjengeleg for flest mulig)

Omforeint løysing: Sjøholt, i Ørskog kommune

- **Fordeling av offentlege arbeidsplassar**

Omforeint løysing:

Basistenester som er tenester som blir levert der folk bur, som t.d. barnehage, skule og pleie- og omsorgsinstitusjonar skal ligge som det er i planlegginga fram mot 2020.

- Det er eit viktig prinsipp for den nye kommunen at basistenestene blir levert nært der innbyggjarane bur.
- Det er eit ønske at biblioteka blir vidareført i den tidlegare kommunstrukturen, og at nokre servicetorgfunksjonar blir lagt til desse.

Kommunale spesialistfunksjonar, som td. plan, teknisk, skulekontor, skal fordelast etter ein nøkkel der eit mål er å oppretthale omtrent like mange kommunale arbeidsplassar i den kommunstrukturen som er med inn i kommunereformarbeidet.

- Plassering av fagmiljø skal også etterstrebe plasserast i klynger der det alt er etablert særleg kompetente fagmiljø.
- Det skal også vektleggast at fagmiljø også skal plasserast der dette er til særleg nytte for den tidlegare kommunen.
- Det er eit ynskje å nytta alle etablerte rådhus i fordelinga av arbeidsplassar.
- Servicetorg skal vidareutviklast i lys av digitalisering, men skal likevel kunne løyse 80% av henvendelsane til kommunen.
- Det skal realiserast eit utviklingspotensiale i bygging av nye robuste fagmiljø.

- **Kommunenavn og kommunevåpen**

Forslag:

Solnør kommune  
Storfjord kommune  
Linge kommune

Omforeint løysing:

Arbeidstittel vidare i arbeidet er: Storfjord kommune

Omforeint løysing:

Det skal startast eit arbeid med å etablere nytt kommunevåpen og nytt ordførarkjede. I konstruksjonen av eit nytt ordførarkjede er det eit ønske om at tidlegare kommunevåpen er ein del av utsmykkinga.

- **Økonomi**

All in!

Det er eit ønske å skrive nokre kapittel som vedkjem økonomi. Desse er som fylgjer:

1. Felles økonomiplan i samordningsperioda
2. Arbeidsgjevaravgift
3. Skatt og kommunale avgifter
4. Inndelingstilskot
5. Langsiktige prosjekt/satsing (kommunale planar)
  - a. Liste over langsiktige prosjekt, kort beskriving
6. Korte og langsikte verknadar av det nye inntektssystemet
7. Potensiale i innsparingar knytt til effektivisering i tenesteproduksjon
  - a. Grov kalkulasjon
8. Pensjonskostnadar/forpliktingar
9. Kraftinntekter/kraftfond/konsesjonskraft

Etablering av ad hoc gruppe: Rådmenn inngår i ad hoc gruppa. Rådmann i Norddal leiar arbeidet. Gruppa skal også ta høgde for forhold som ikkje kjem fram i lista ovanfor.

Forventningsavklaring: Ikkje utgreiing, men ei orientering om nøkkelinformasjon som kan gi eit bilde av situasjonen inn mot ei ny kommune.

- **Signeringsmøte**

17. mars kl 12:00 til 13:00 i Valldal i Norddal kommune. Innkalling blir sendt ut i Outlook. Pressemelding går ut i forkant av møtet. Sunnmøre Regionråd handterer dette.

- **Infrastruktur**

Viktige samfunnsprosjekt som ein ønsker at ei ny kommune skal ta med vidare i satsingane overfor statleg mynde.

- a. Ørskog
  - i. Breiband til heile kommunen

- ii. Flaumsikring av Ørskog sentrum
- b. Norddal
  - i. Snarvegen til Austlandet/Bru over Norddalsfjorden
  - ii. Breiband til heile kommunen
  - iii. Hurtigbåt på fjorden, knytt også til reiseliv
  - iv. Rassikring mot Tafjord og Dalsbygda/Norrdal
- c. Stordal
  - i. Utbetring av fylkesvei til Øvre Stordal
  - ii. Digital infrastruktur
- d. Skodje
  - i. Storfjordsambandet/Avlastingsvei frå Digerneset til Magerholm
  - ii. Utgreiing av bybaneprojektet til Digerneset
  - iii. Satsing på VAR-området

Viktige felles satsingar på infrastruktur:

- E39 – Møreaksen, med trasè K2
- Børdalslinja
- Flybuss om Digernesskiftet via Stette og Ellingsøya.

Det er eit ønske at kollektivtransporten blir forbetra i heile kommuna, fokus også på kveld og helg. Det står også sentralt kommunikasjonen til Ålesund by også.

- **Fellesnemnd**

Omforeint løysing:

Likt antall deltakarar frå kvar kommune. 4 faste medlemmar frå kvart kommunestyre.

Kome i gang med planleggingarbeidet så tidleg så mulig på hausten 2016.

- **Arbeidsgjevpolitik**

Omforeint løysing:

Skrivegruppa kjem med forslag til tekst på arbeidsgjevpolitik.

- **Neste møte**

Alle er automatisk påmeldt til samlinga m/overnatting. Ein må avmelde om ein ikkje kan møte/overnatte.

## **Ad hoc grupper**

Ad hoc gruppe oppretta på økonomi, med rådmenn.

Møtet slutt 12:00